



OMSORGSOMGREPET OG OPPVEKSTVILKÅR I ENDRING

Oppgave 6



28. FEBRUAR 2021

Ida Therese Tufteland

Ord: 1000

Innleiing

I denne oppgåva er det tatt utgangspunkt i den fyrste saka som blir lagt fram i Ålesunds verjeprotokoll (Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS, 1900-1912, ss. 3-4). Dette er den primære kjelda det er tatt utgangspunkt i, og vidare skal eg sjå på konteksten rundt saka i ljøs av perspektiv, og orientere meg i sekundære kjelder som kan skaffa meg innsikt i saka, og på kva som har vore med på å forma saka.

«Ålesunds verjeprotokoll»

I denne saka observerer eg ei jenta som har opplevd grov omsorgsvikt, då det viser seg at far hennar og ein annan har misbrukt ho seksuelt. I protokollen kjem det fram at jenta som var 8 år gamal på dette tidspunktet har fått ein smittsam kjønnsjukdom etter misbruket. Vidare i protokollen får ein veta at jenta har fortalt lærarinna si om hennar situasjon i heimen. Dette skal ha fått mora til å komma på skulen og trua jenta si med pisking i anledning det ho har fortalt til læraren sin. Vidare blir det lagt fram informasjon om korleis heimen til jenta er. På bakgrunn av denne informasjonen som har komme fram om jenta sin situasjon, så vedtar verjerådet at jenta midlertidig skal bli innlagt på ein privat klinikk, og etter at jenta er friskmeldt frå sjukdommen ho har fått skal ho vidare bli utsett til ein anna familie eller til ein annan skuleheim.

Saka kan sjåast i ljøs av eit historisk, politisk og demografisk perspektiv. Med eit historisk perspektiv så kan ein sjå på situasjonen og knyta opp korleis kunnskapen om barnet og barnerolla har endra seg frå slutten av 1800- talet, og opp til dagens samfunn sitt syn på barnet, omsorgsrolla og oppvekstvilkår. Måten verjerådet handterer saka er forma etter ei tid og eit syn som er vidareutvikla i dag. Denne forståinga for omsorgsogrepet, og barnet sine rettar kan sporast inn på det politiske perspektivet. Gjennom eit demografisk perspektiv så er det interessant å sjå på oppvekstvilkåra og levekåra i tida jenta levde i, og korleis forståinga for oppvekst var på tida då jenta levde og korleis det er i dagens samfunn. Dei ulike perspektiva er interessante å sjå i ljøs av korleis dei har påverka saka.

Det er ikkje til å unngå for meg å tenkje på skulesamanheng og viktigheita i læraren si relasjonsbygging. Det var læraren som vart informert om situasjonen og tok bekymringa vidare til skulestyrar. Dette gjev meg vidare refleksjonar for den viktige jobben med

relasjonar og å sjå kvar enkelt elev. Dersom jenta ikkje hadde tatt kontakt med læraren og følt seg trygg på at ho kunne fortelje læraren om situasjonen, så kunne det ha blitt vanskelegare å finna ut av jenta sin situasjon. Dette gjev meg vidare nysgjerrige refleksjonar på korleis systemet for barnevernsakar var på tida, og skulen sin handtering av saka. Det er naturleg at akkurat dette ikkje er sett meir på i protokollen, grunna dette ikkje er hovudfokuset i saka. Likevel gjev informasjonen meg refleksjonar som er med på å synleggjera viktigheita i læraren og skulen sitt arbeid for relasjonar, og handtering av bekymring om omsorgsvikt.

Om barn sine rettar, systemet i endring og omsorgsrolla

Basert på det som kjem fram i protokollen, og mine refleksjonar kring perspektiva som denne saka kan sjåast i ljøs av, så har eg valt å søkja etter sekundærkjelder som speglar desse refleksjonane.

Ifølgje Schiøtz (2019, s. 10) var slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet ei tid med ytterleg befolkningsvekst, industrialisering og urbanisering. Desse faktorane vart påverkande for dei sosiale og helsemessige problema. Landet gjekk inn i ei sosialpolitisk reformbølge med ein rekke nye lover. Desse skulle på den eine sida beskytta og dra omsorg for samfunnsborgarane, og var med på å laga eit sikkerhetsnett rundt borgarane. Medan på den andre sida skulle lovene bidra til at kontroll- og disiplineringsmekanismane vart tydlegare. Eit eksempel på dette er Verjerådslova som kom i 1896, og var ifølgje Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (u.å.) den fyrste «barnevernslova» i Noreg. Dette fortel noko om konteksta rundt saka, og om korleis systemet sitt syn på barnet var på denne tida. Ved å innsetje ei lov som vernar barnet, så er dette med på å fortelje om ei tid der omsorgsoppgrepet, og barnerolla var i utvikling. Lova pliktar om at ein skal gripa inn dersom ein ser at barn og unge opplev for eksempel foreldre som forsømmar deira rolle i omsorg- og oppdragsoppgåver. Dette vitnar om at ansvaret skal liggast hos dei vaksne, og lova fortel på denne måten at styremaktene ynskjer å setje krav til foreldra sine roller som omsorgspersonar til deira barn.

Det er med tida gjort mange undersøkingar på barn som vekser opp i ustabile heimar, om omsorgsomgrepet og betydinga av oppvekstmiljøet. Dahl, Kielland og Kjørlofsen (1989, s. 11) skriver om at oppvekstmiljøet er eit trygt og stimulerande miljø som gjev allsidige moglegheiter til utfolding og utvikling. Slike oppvekstmiljø er ein føresetnad for at barn kan vakse til å bli sjølvstendige og ansvarsbevisste samfunnsmedlemmer. Opplevinga av tryggleik og tilhøyrse har ein grunnleggande og nødvendig betyding for god utvikling (Dahl, Kielland, & Kjøltofsen, 1989, s. 11). Dette forfattarane peiker på er faktorarar som jenta i saka mangla i hennar oppvekst. Saka skildrar ei jenta som har opplevd grov omsorgsvikt både av far, men også av mor som ikkje vernar barnet sitt, men forsøker heller å skjula problema som finst i heimen. Brydolf, Ståhl og Syrèhn (1980, s. 132) har også undersøkt oppvekstvilkåra sin betyding, og skriv at barn som lever i ustabile heimar ofte også hamnar i kriminelle miljø seinare i livet. Desse forkingane og erfaringane har vore med på å forma den vidare forståinga til samfunnet, og har gjort at det er sett inn ein rekkje lover som skal verne barn og unge. På den måten prøver styresmaktene å førebyggje omsorgsvikt slik som jenta opplevde.

Avslutning

Gjennom undersøking av primær kjelde og sekundære kjelder så har eg fått sett korleis kontekstar og perspektiv har vore med å forme saka, og gitt meg større forståing for synet på omsorg og oppvekst.

Litteraturlista

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. (u.å). *Barnevernets historie i Norge*. Hentet fra https://bufdir.no/Barnevern/Om_barnevernet/barnevernets_historie_i_norge/

Brydolf, M., Ståhl, B., & Syrèhn, K. (1980). *Barnesykepleie: 3 Kirurgisk barnepleie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dahl, M., Kielland, L., & Kjøstolsen, P. (1989). *Oppvekstvilkår for barn og unge*. Kommuneforlaget AS.

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. (1900-1912). *Forhandlingsprotokoll for Aalesundsvergeråd 14/9 1900-1912*.

Schiøtz, A. (2019). Omsorgens røtter – et historisk blikk. *Tidsskrift for omsorgsforskning*, 5(1), 1-16. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5984-2019-01-01>